



Pål Haugland trivest som trener for skiungdommane.(Arkivfoto: Kjersti Bråtun)

**Nyleg deltok Pål Haugland på Norges Skiforbund sitt trenarseminar. Dette vart avvikla ved kurs-og konferansesenteret på Ullevål stadion. Seminaret gjekk over 2 dagar, og det samla alt det ypperste av treningskompetanse innan langrenn. Og midt oppi dette var altså den 69 år gamle entusiasten og eldsjela frå Uskedalen.**

Til saman var det om lag 50 deltakarar på seminaret, 2 av dei var frå Hordaland.. Den andre er lærar på skigymnaset på Voss. Kven var så dei andre?

Jau, der var alle landslagstrenarane både for herrelandslaget, kvinnelandslaget, sprintlandslaget, rekruttlandslaget og juniorlandslaga. Lærarar frå dei ulike skigymnasa rundt i landet var ein del av deltakarane. Resten var invitert frå trenarklubben. Pål hørde til siste gruppa. Dette var såleis ikkje ei open samling der ein kunne melda seg på.

Det internasjonale skiforbundet var blant anna representert med Vegard Ulvang.

Av innhaldet fortel Pål at kvart landslag stod fram og fortalde om treningsmetodar, treningsmengde og erfaringar dei hadde gjort. At det er viktig å vera tolmogig, vart understreka av rekruttlandslagstrenar Sjur Ole Svarstad. Han hadde med seg Ragnhild Haga, eit stort talent som nærmast hadde stått stille i 4 år, før ho slo gjennom sist vinter. No er ho i den absolutte verdstoppen.



Rekruttlandslagstrener Sjur Ole Svarstad er godt kjent i Ulvanåso og Uskedalen. (Foto: Erik Berge)

Rekruttrenar Svarstad er elles godt kjent i Uskedalen då han har vore her mange turar. Det som trekkjer han hit er m.a. den fantastiske Ulvanåso og turar i dette majestetiske fjellet.

På seminaret var det også mykje gruppearbeid med utveksling av erfaringar. Pål var her på gruppe med herrelandslagstrener Trond Nystad og 4 andre. Han var svært lydhør og interessert i det som kom fram.

Gjennom heile seminaret vart det viktige arbeidet som skjer ute i distriktslaga rosa. Det vart understreka at dei ikkje måtte stressa fram stjerner. Det må vera godt nivå på aktiviteten og forholda må bli lagt godt til rette for å utvikla breidda. Då vil det plutselig kunna dukka opp eit talent ein eller annan stad. Alle dei gode løparane frå små lag i små bygder rundt i landet er bevis på dette.

I denne samanhengen ser forbundet det viktig å spreia kompetansen sin. Det er viktig at ein er oppdatert på teknikk og endringar. Det skjer heile tida noko nytt. Det er også avgjerande at forbundet har auga for det gode arbeidet som skjer ute i distrikta.

Det gjer dei nok. At Pål Haugland vert invitert til ei slik samling, må vera ein honnør til det gode arbeidet han og skigruppa har lagt ned gjennom mange år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland